

ÅRSMØTE

Under ettermiddagskaffien blir det eit kort årsmøte for Det Norske Misjonsselskap(NMS) i Ytre Sogn område. Alle er velkomne til å vere med på det. Vi les opp årsmelding og gjennomfører val av personar som har sagt ja til å vere kandidatar. Einskildmedlemer, foreiningar og kyrkjelydar med samarbeidsavtale med NMS har stemmerett. Det blir litt aktuell informasjon om NMS.



Illustrasjon: Sissel Walderhaug Schmidt

Påmelding
til

Alværa Misjonssenter
Telefon 48990661/57711757
helst innan fredag 5. januar

Du betaler for måltida slik:
Kaffimåltid ved ankomst kr 25,-
Middag kr 250,-
Kaffimåltid etter gudstenesta kr 25,-

Velkommen til fellesskap og
inspirasjon!

Områdeutvalet i
Ytre Sogn område av NMS



VELKOMMEN
TIL

KYRKJE- OG MISJONSDAG

PÅ ALVÆRA MISJONSSENTER
laurdag 13. januar 2018
kl.10.00 – 16.00



Tema:

«Barnet i gudstenesta»

Kyrkje- og misjonsdagen i januar er etter kvart blitt ein tradisjon. Alværa vert denne dagen ein møtestad for menneske frå dei fleste av kyrkjelydane i området.

I år er temaet «Barnet i gudstenesta». Soknepresten i Jølster, Silje Sørebo, vil



ha hovudinnleiinga. Ho har erfaring frå arbeidet som prest i Holmlia i Oslo og dei seinare åra frå Jølster. Silje har også studert forteljekunst, noko ho

nyttar i arbeidet i kyrkja.

Barnet i gudstenesta er eit tema som optek henne, og ho vil dele av sine tankar og idear. Nokre foreldre vil komme med innspel, ynskje og behov dei har for at gudstenesta også skal vere tilpassa barnefamiliane. Du er velkommen til å dele synspunkt og erfaringar eller bere lytte og ta imot.

Gjennom dagen vil vi også i år syngje salmar frå ulike delar av verda.

Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste ved Ingvald A. Frøyen og Ole Agnar Helland ved pianoet.



Ungdommar som vil vere med på leiarhelg frå fredag, kan kontakte NMSU tlf 40406050. Dei vil delta på delar av programmet.

Vi håpar at også barnefamiljar blir med denne dagen. Dersom det innan måndag 8. januar er påmeldt born, vil vi tilby barnepass under innleiingane.



Ill: Elisabeth Moseng

PROGRAM:

kl 10.00: Kaffi/te/rundstykke
kl 10.30: Opning og presentasjon

kl 10.45 «Barnet i gudstenesta»
v/ Silje Sørebo
Innspel frå foreldre og andre tilsette i kyrkja
Erfaringsutveking og samtale

kl 13.00: Middag



kl 14.30: Gudsteneste v/ Ingvald Andersen Frøyen og Ole Agnar Helland

Ettermiddagskaffi

Årsmøte for Ytre Sogn